



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Olav Overvoll, 5557 2315

Vår dato
07.04.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/4746 433.6
Dykkar referanse

Namn
Adresse
5020 BERGEN

Registrering av hole eiker i Hordaland 2015 - orientering til grunneigarar

Hole eiker har status som utvald naturtype, og er omfatta av *forskrift om utvalgte naturtyper* etter naturmangfaldlova. På bakgrunn av dette har Fylkesmannen i Hordaland sett i gang registrering av slike tre, og har registrert ei eller fleire hole eiker m.a. på din eigedom.

Trea ikkje verna, men med forskrifta ønskjer ein å legge til rette for at det i større grad skal bli tatt omsyn til slike tre.

Forskrifta gjeld alle eiker med stammeomkrins på minst 200 cm, eller eiker som er synleg hole og har ein stammeomkrins på minst 95 cm. Stammeomkrins blir målt i brysthøgde, ca. 1,3 m over bakken. Eiker i produktiv skog er ikkje omfatta av forskrifta. Grunnen til dette er at slike tre skal bli fanga opp og tatt omsyn til gjennom skogbruket sitt eige system for miljøomsyn (MiS – miljøregistreringer i skog). Den såkalla akstsemdsplikta i naturmangfaldlova gjeld likevel òg for hole eiker i skog, og slike tre kan bli registrerte på lik linje med eiker i kulturlandskapet.

Bakgrunnen for at hole eiker har fått status som utvald naturtype er at slike tre kan vere levestad for ei lang rekkje sjeldne og raudlista artar av insekt, sopp og lav. Du kan lese meir om dette i den vedlagte brosjyra. Denne er utarbeidd av Fylkesmannen i Oslo og Akershus, men er like aktuell for vårt fylke, sjølv om vi på Vestlandet manglar dei sjeldnaste raudlistartane som er knytte til eik.

I brosjyra finn du òg meir om kva forskrifta om hole eiker har å seie for deg som eig slike tre. Risiko for liv og helse og fare for skade på materielle verdiar, tel sjølv sagt meir enn omsynet til biologiske verdiar. Er det nødvendig å gjere noko med eit tre, og du er usikker på korleis forskrifta kjem inn, kan du få råd hos kommunen eller fylkesmannen. Du kan òg søke om økonomisk tilskot til m.a. kroneavlasting, beskjering og fristilling. Du finn meir informasjon om dette på www.hule-eiker.no.

Under kartlegginga er det lagt vekt på å få undersøkt flest moglege tre, og kvart enkelt tre er difor ikkje grundig undersøkt. Omkrinsen på trestamma blir målt, og dersom treet fell inn under definisjonen av hol eik, blir treet fotografert og det blir gitt ein kort beskrivelse av treet, inklusiv ei enkel vurdering av biologisk verdi (A-, B- eller C-verdi). Beskrivelsen blir lagt ut på Naturbase - <http://kart.naturbase.no>.

Tre som står i tun eller hagar blir i regelen ikkje undersøkte utan avklaring med eigar, men sidan kartlegginga har føregått i arbeidstida har vi ikkje alltid funne eigar heime, derfor har nokre tre blitt undersøkte utan avklaring på førehand. Om du som eigar meiner at vi på denne måten har tatt oss til rette ber vi om orsaking for det. Ta gjerne kontakt med oss om du har merknader eller spørsmål til kartlegginga av ditt/dine tre.

Til slutt vil vi takke så mykje for den positive responsen vi har blitt møtt med blant dykk vi har kome i kontakt med under registreringasarbeidet!

Med helsing

Magnus Johan Steinsvåg
seniorrådgjevar

Olav Overvoll
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:
Adresseliste

Kopi til:
Stord kommune
Fitjar kommune
Ulvik herad
Granvin herad
Fusa kommune
Askøy kommune
Vaksdal kommune
Modalen kommune
Osterøy kommune
Radøy kommune
Lindås kommune